



---

## Notat

---

Til: Atle Dingen

Kopi til: Arne Helgesen

Saksbehandlar: Byggesaksavdelinga/Eilin Houlison Molvik  
Vår referanse: 17/3670 - 7 / Gbnr - 182/8, FA - L42  
Dato: 13.12.2017

---

### Emne: Førespurnad om rettleiing gbnr 182/8

Heimelshavar av gbnr. 182/8 på Gausereid ved Storavatnet har henvendt seg til byggesak i høve reinseanlegg på sin eigedom.

Eigedomen er omfatta av Klausuleringsføresegna rundt Storavatnet.

Det vart i vedtak datert 21.03.1983 i samband med søknad om byggeløyve gjeve utsleppsløyve for eigedomen. Løyvet er ikkje personleg, men gjeld for eigedom gbnr. 182/8, sjå vedlegg.

Heimelshavar, Stig Solberg, har bedt kommunen om rettleiing med omsyn til anlegget på eigedomen, då anlegget er gammalt og krev oppgradering. Heimelshavar ønskjer rettleiing i høve kva som er mogleg for han å gjere:

Han har skissert 2 ulike løysingar:

1. Byte eksisterande tett tank med ny større tett tank.
2. Erstatte dagens anlegg med minireinseanlegg.

Sidan anlegget allereie er etablert, har han rett til å vedlikehalde anlegget. Alternativ til ovennemnde løysingar kan vere å erstatte eksisterande tett tank med tank med tilsvarande volum.

Vi har skissert for han at uavhengig av kva løysing han vel så må det gjerast sikringstiltak i samband med evt. oppgradering/utskifting/reparasjon av dagens anlegg for å hindre forureining.

Vi viser forøvrig til epost-dialog med heimelshavar som er registrert på saka.

Vi ber om dykkar vurdering av førespurnaden. Vi er takksam for snarleg attendemelding.

Mvh. Eilin H. Molvik

